

Dei menner so rusdrykk laga
Aa dei etter rusdrykk jaga
Aa dei som rusdrykkjen sel.
Dei maa me med lovar temja
i aalvor os alle semja
Aa vara baa kropp aa sjæl.

2.

Um fridom ein mykje snakka
Men tusinder paa den trakka
Vil leva i trællekaar.
Sjaa rusdrykk som alle daga
Hev vore til synd aa plaga
Er ømmar enn noko saar.

3.

Kva er det som styggast plaga
Kva er det som skarpast naga
Er det kje rusdrykk aa svir
aa kor er dei menner so styre
Som vil at eit slikt uhyre
Skal øyda vort karakter,

4.

No reiser me gar aa stenglar
For rusdrykkjen aa hans englar
Eit aalvor maa eingong til.
Kor er dei menner so vil syrja
For sanningi lyt ein spyrja
Veit no dei menn kva dei vil

5.

No ikkje lenger ga gjæta
Burt me all rusdrykkjevæta
Burt med slikt tøv aa slikt tull
Burt med alt sutle aa skrape
Sutalaus for kven so tape
Hev nok av mamon aa gull

6.

Daa sannning aa rettferd levna"
Daa stakkaren finn si trevna
Daa elskjen finn heimen att
Daa blomane ut vil spretta
Av fridoms soli seg metta.
I fred baate dag aa natt

7.

Dei menn som si meining segjer
Aa ikkje paa sanning tegjer
I aalvoret ber den fram
Aa viljugt seg sjølv kan tvinga
Aa suti bær uti bringa
For fridom for folk aa land.

8.

Kristmenn som fridom hev funne
Krossmenn som krossen hev vunne
Gaa paa mot kong alkohol.
Vondskapens magtor dei lura,
Aa vaktmenn paa sions mura,
set lunt i ein ruggestol.